



**- UFF er ikkje tiltala for kriminell aktivitet, opplysar informasjonsansvarleg Rosa Marielle Fried i eit svar til Stein Elling Schille som har stilt krav om fjerning av UFF-boksar. Det står ein slik boks også i Uskedalen.**

Fried hevdar at Schille sine påstandar er grove og ukorrekte og peikar mellom anna på ein gjennomgang av UFF som Ernst & Young har gjort i 2011 og som viste at organisasjonen vert dreven etter vedtektane og at bistandsmidlane kjem fram til utviklingsprosjekta i Afrika og Asia.

UFF er ein seriøs organisasjon som samarbeidar godt med norske kommunar, skriv Fried og opplysar at kvinnheringane i fjor bidro med nær 64 000 plagg som dekkjer behovet til 6 500 mennesker. Fordi tøyet vart gjeve som gave bidro denne kommunen med 69 000 kroner til UFF sitt humanitære arbeid i slummen i New Dehli. - Dette er eit arbeid kvinnheringane kan vera stolte av, skriv Fried

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen